


Brefestivalen "Uteungdommar"



Brefestivalen vert i år **6.-7. juni** Det er såleis kort frist, men er du litt impulsiv, kan du få ei aktiv, sosial, utfordrande og kjekk helg i Jostedalen!

Brefestivalen "Uteungdommar" er eit eget opplegg for ungar/ungdommar, med program både laurdagen og søndagen, og med overnatting i Jostedal Samfunnshus. Det er ymse aktivitetar, middag begge dagane og frukost søndagen inkludert i prisen.

Programmet vert om lag slik (med atterhald om endringar, og føresetnad om nok påmelde):

Laurdag 6. juni

Oppmøte ved Jostedal Samfunnshus **kl. 09.00**. Dagen startar med skitur til «Hytta på Mannen» (Spørteggbu), etterfylgt av bading i samfunnshuset. Deretter vert det middag på Jostedal Hotell, før ein avsluttar dagen med diverse aktivitetar i samfunnshuset.

Søndag 7. juni

Bretur på Nigardsbreen. Vi vil prøve å finne litt artig blåis, og kanskje blir det moglegheiter for iskltring. Dersom vêret og tida tilseier det, kan vi prøve å buldre på steinar i Breadalen, før vi avsluttar helga med middag på Breheimsenteret ca kl. 15.00.

Dette må du ha med deg: ski, feller, stavar, gode sko (joggesko/fjellsko), ytterkle (jakke og bukse), ullundertøy, varm jakke/genser, badetøy, handkle, toalettsaker, mat til lunsj laurdag og søndag, sovepose, liggeunderlag og **godt humør!**

Aldersgrense: frå 5.klasse og oppover

Påmelding: Bindande påmelding **innan torsdag 4. juni**. Send namn og alder på deltakar til e-post: linareksten@gmail.com eller tlf: 47642209 (Lina Øygard Reksten)

Pris: 700kr

Betaling til kontonummer 3785 07 40500. Merk betalinga med "Brefestivalen Uteungdommar" og namnet på deltakaren.

Beste helsing,

Lina Øygard Reksten (mob: 47642209)

Brefestivalen uteungdommar i samarbeid med Jostedal bygdelag